


Haakon Gunnar Aase  
Litlebergen 29  
5918 Frekhaug

Dato: 02.11.2017  
Vår ref.: 2017/13521-13  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering med gravemaskin - detaljregulering for Fv 245 Fosse-Moldekleiv - Meland kommune

Vi viser til oppstart av detaljregulering for Fv 245 Fosse-Moldekleiv i Meland kommune datert 16.01.2017. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområde, jf. § 9 i kulturminnelova. Det er Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Meland kommune som er tiltakshavarar og Constrada som er planleggar, men arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.


Målet med registreringa er å få kartlagt om der er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i planområdet. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre undersøkingar på delar av gnr. 26, bnr. 5, 23 og 118 og gnr. 27, bnr. 6, 9, 10, 25 og 75 (sjå kart under) i perioden 13.11.-08.12.2017. Feltarbeidet vil starte på Sunde på gnr. 26, bnr. 5, 23 og 118.



**Kart 1:** Oversiktskart over planområde med undersøkingsområde avmerka med blått.


Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i sjakter på om lag 3 meter breidd. Lengde, djupne og mellomrommet mellom dei kan vere ulik, avhengig av topografi og funnsituasjon. Lengde på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opptil 50-60 meter eller meir. Matjorda og eventuell annan overdekkande masse vert fjerna maskinelt ned til undergrunnen, og djupna på dei ein-skilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast. I areal med skrinne matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfyllte massar, rasmassar, o.l. kan det vere naudsynt å fjerne opptil 3-4 meter masse i djupna. Kor tett sjaktene ligg vil variere med lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn, men det er vanleg med avstand mellom sjaktene på 8 til 15 meter.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpande, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavarar er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.




**Kart 2:** Oversiktskart over undersøkningsområde på Sunde.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med maskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravne kablar, røyr og grøfter i dei aktuelle areala frå Meland kommune og andre eigarar av slike anlegg. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Kart 3: Oversiktskart over undersøkingsområde på Moldekleiv.



Kart 4: Oversiktskart over undersøkingsområde på Moldekleiv.

Ved spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ feltkoordinator Monika Serafinska, tlf. 55 23 91 80, e-post [Monika.Serafinska@hfk.no](mailto:Monika.Serafinska@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN  
Meland kommune  
CONSTRADA AS